



NAVN:

Narve Trædal

FØDT:

25.8.49

OPPHAVSSTED:

Ikjefjord i Sogn, Høyanger kommune.
Realskolen i Balestrand. Firda gymnas på Sandane, 1967–1970.

KLASSEBAKGRUNN:

Far var småbrukar, bestefar stortingsmann for Venstre.

UTDANNING:

Psykologi- og seinare norsk- og historiestudier ved Universitetet i Oslo.

ORGANISASJONSTILKNYTNING:

Medlem av SUF (m-l) frå 1971. Formann i Det norske studentersamfund hausten 1974.
Seinare tilsett i Klassekampen.

«Dra heim og hent ei silkepute å sitte på!»



Narve Trædal er først og fremst kjent for Trædal-saka, der han ble fengsla og dømt for å ha overlatt hemmelige papirer fra forsvaret til Klassekampen. Han satt i varetekt fram til han tilsto, og endte med å få to måneders betinget fengsel. Trædal fikk en masse støtte, også fra kretser utenfor ml-rørsla, og han ble valgt til leder av Det Norske Studentersamfund i Oslo høsten 1974. I 1975 var han valgkampssekretær for RV ved kommunevalget i Oslo. Deretter jobba han i produksjonen av Klassekampen i en lang periode.

Vi får avtale om å møte ett av ml-rørslas virkelige ikoner, og forbereder oss med å lese boka hans – *'Soldaten som ikkje ville teia'* – og ting som er skrevet om saka av andre.

Når Trædal kommer til oss, viser det seg at han er en stillfaren, vennlig og reflektert mann, uten de store faktene. Vi har et langt intervju, men her tar vi bare med de delene som dreier seg om selve Trædal-saka, innrammet av bakgrunnen hans og karrieren i Studentersamfunnet. Under intervjuet har vi boka for hånden, og innimellom referer vi til den direkte.

Narve Trædal, hva gjør du nå?

Mitt noverande yrke er kontorsjef på Institutt for informatikk på Blindern. Eg har vore der i 15 år eller noko sånt, med litt avbrot. Eg har jobba på universitetet i administrasjonen sidan 1983. Då braut eg av eit historie hovudfag som eg aldri vart ferdig med. Eg skulle opphavleg verte psykolog, men Trædal-saka blanda seg inn i det.

Proletariseringsgreiene gjorde òg at eg hoppa av psykologistudiane. Det starta vel med at eg var valgkampssekretær i RV i Oslo i 1975. Då hadde eg vore formann i Studentersamfunnet hausten '74. Eg vart proletar på Klassekampen, i produksjonen. Namnet mitt var såpass kjent at eg ikkje rekna med å få jobb nokon stad. Klassekampen var eit greitt alternativ, og ein kjekk plass å jobbe. Det var ikkje rare proletariseringa, men for meg var det eit farvel med studentkarrieren. I 1979 kom eg som mange andre på betre tankar, og tok opp att studiane, ved sida av arbeidet på Klassekampen. Målet var å verte lærar eller lektor i norsk eller historie, som var dei faga som alltid hadde lege hjartet mitt nærast.

Foreldrenes bakgrunn?

Den er tradisjonell, med far som var småbrukar og postmann, og heimeverande mor. Familien eg kom frå, er nok likevel litt atypisk. Bestefar var ein av pionerane i den norske folkehøgskulerørsla, og stortingsmann for Venstre og ein sentral person i partiet i to–tre tiår frå 1880-talet. Han gjekk vel av frå Stortinget siste gongen i 1917. Han var gift med ei prestedotter frå ein familie som var sterkt prega av Grundtvigianismen. Sjølv om dagleglivet i huset ikkje var så politisk då eg vaks opp, vart eg likevel prega av det «som sat i veggane» av fri-lynt venstreideologi. Bokhyllene var rikholdige, og historiene om dei gamle «slektbragdene» vart dregne fram når storfamilien var samla.

I kadervurderingane seinare drog eg fram denne bakgrunnen som en viktig motivasjon for meg sjølv til å engasjere meg i ml-rørsla. Eg skulle gjere noko for verda, ikkje strebe etter makt og rikdom for eigen del. Det var dei ideala der eg vart poda inn med. Men eg har aldri vore kristen eller noko sånt.

Da du kom til Oslo – bodde du på studenthjem, hybel?

Eg budde på hybel. Eg og ein kamerat heimanfrå fekk oss hybel ute på Nesodden. Han var mykje meir kulturradikal enn eg, og han vart også ml-ar. Men han brukte lenger tid enn meg, eg lot meg lettare rive med i aktivismen og miljøet.



Narve Trædal under intervjuet på Kaderprosjektets kontor i Oslo 13. februar 2007.

RASPEBALL

Vil du si at ml-rørsla var et fint sted å være når man kom utenfra til Oslo, treffe folk og gjøre ting sammen? Et miljø som hadde et godt tilbud sosialt?

Tja, kva skal eg seie? Det er vel typisk at det første semesteret når bondestudentar kjem til Oslo, så held dei i hop. Vi var ein gjeng på ulike studiar som kjende kvarandre frå gymnaset. Vi heldt i hop og onsdagane åt vi raspeballar på Gildevangen.

Medan kameraten min hadde kjærasten med seg, så følte eg meg litt som tredje hjulet på vogna. Dei hadde kvarandre, medan eg var meir åleine, meir sökande etter andre sosiale kontaktar.

Då eg starta på psykologistudiet, så hadde eg lyst til å bli aktiv, og vart med i fagutvalet. Eg har alltid vore ein aktivist og ein tillitsmannsperson, eg visste at det var en måte å kome i kontakt med folk på.

Og det mangla ikkje på oppgåver i fagutvalet. Vi starta straks ein stor aksjon for å få 13 nye lærarstillingar til psykologistudiet, og mobiliserte store deler av det psykiske helsevernet, inkludert deler av politiet(!), til støtte for kravet. Eg vart ganske sentral i dette arbeidet gjennom våren, sommaren og hausten 1971.

Etter kvart visste eg kven som var ml-arar. Men eg heldt avstand frå dei ein stund. Eg syntest nokre av dei framsto som veldig firkanta og hadde ein litt for hard image etter min smak.

Men etter kvart var det vanskeleg å ikkje bli smitta av at dei stilte opp og støtta opp om aksjonane våre. Det gjorde også andre, men dei var drivande. Dessutan var no ikkje ml-rørsla heilt utkjend for meg frå gymnastida.

Var ikke Firda gymnas et av de første miljøene på Vestlandet, bortsett fra Bergen, som fikk et SUF-lag?

Då eg begynte på gymnaset, kunne ein enno sjå restane etter ei gigantisk innskrift tvers over meieriplasen: «Vi protesterer mot den amerikanske krigføringa i Vietnam», sjølv om kommunens folk hadde prøvd å vaske den ut så godt det let seg gjere. Dette var i 1967, og den sentrale personen bak dette meiner eg var Edvin Helgheim, som no er kultursjef i Florø. Han var vel aktiv i SUF, men vart aldri med blant ml-utbrytarane.

Eg var aktiv i eit slags kulturradikalt miljø; i fråhaldslag, Unge Venstre, Norges Gymnasisastsamband, Norske Skoleavisers landsråd, eller kva det heitte – kort sagt heile skalaen. Frå 1968 av definerte eg meg som sosialist, og hamna såleis utpå dei skrå breidder, både når det galdt venstresak og fråhaldssak. Siste året på gymnaset dukka det opp nokre omreisande ml-kommisærar frå Bergen. Dei hadde med seg SUF-brosjyrer, Mao-bøker og Mao-merke som vi kjøpte og syntes det var stor stas å ha. Men det var først kulla etter oss, med den seinare kjende diskoskastaren Øystein Bjørbæk i spissen, som laga skikkelig organisering rundt SUF på Sandane.

Når ble du med i SUF?

Eg gikk på studiesirkel i SUF (m-l) sommaren 1971, og vart teken opp på eit medlemsmøte i forsamlingslokalet til Solvang Hagekolonier. Det hadde vore ein studentaksjon for å støtte hagekolonistane, som var truga av Samskipnadens behov for tomtegrunn til nye studentbustadar, så vi fekk låne forsamlingslokalet deira som takk. Det eg hugsar best frå første SUF-lagmøtet, var at vi ekskluderte Gerd Liv Valla og Arne Pape. Dette er jo ein av dei tinga eg er ubetinga flau over. Eg hadde jo ikkje mykje bakgrunn for å gjere det. Men det sto på dagsordenen der, ein skulle jo stemme om dei tinga.

Så også du har vore med på å trakassere den stakkars Gerd Liv?

Ja, det kan du seie at eg har vore. Eg hugsar ikkje heilt grunnen til eksklusjonen. Men truleg var det ideologiske skilnader i synet på bøndene.

At bønder ikke var revolusjonære?

Nettopp. Det var jo det som vart lina til KUL. Men dei fantes ikkje då. Og truleg var det og «brot på den demokratiske sentralismen». Ideologiske stridsspørsmål førde jo som oftast til det.

LUFTFORSVARET

Så du var godt etablert i SUF m-l da du gikk inn i militæret?

Då eg starta på rekruttskulen på Stjørdalen sommaren 1972, hadde eg vore medlem i eitt år. Eg treivst godt både på brakka og i tenesta og vart sjølv sagt tillitsvald.

Eg var forresten med og stifta Noregs første soldatmållag der oppe. Hovudkravet var at Vernepliktsboka

skulle komme ut på bae målføre. Det skapte ein del publisitet. Det var Gunnvald Grønvik, SV-ar som seinare sat i støttekomiteen for saka mi, som var primus motor for dette arbeidet.

Men så kom eg til Lutvann på Haugerud i Oslo, for å få spesialopplæring som fjernskrivar i tre månader om hausten. Då meiner eg at eg var med i et MLG-lag på Haugerud. Eg hugsar at blant andre forfatteren Toril Brekke var med der. Det var vel eit lag for dei fastbuande der oppe. I leiren var det ingen aktivitet, utover dei vanlege diskusjonane rundt folkeavstemminga om EF.

Dette var altså høsten 1972?

Ja. Så vart eg overflytta til hovudtenesta ved Forsvarskommando Nord-Noreg, på Reitan utanfor Bodø, frå nyttår '73. Då kom eg inn i eit lag som eg meiner å hugse var eit lokallag. Eg trur det var eit MLG-lag med nokre bodøværingar. Men i tillegg var det òg eit SUF-soldatlag, vi var vel ein fire–fem stykke som møttest i sakristiet i menighetsbrakka, eller kva det måtte heite. Men dette soldatlaget var det veldig lågt nivå på. Då var det betre i MLG-laget. Der var det vanlege partilagsgreier, vi selde Klassekampen og sånt. Partiarbeidet i Bodø by var meir regulert og «partibyråkratisk».

I militærlaget hadde vi dårleg samvit for at vi ikkje var med på ting. Vi likte heller å gå på diskotek. På Setermoen var det derimot ei betre organisering med ein aksjon som heitte Soldat -71. Derifrå kom svære bunkar med aksjonsavisar som vi burde spreie, men det gjorde vi aldri noko skikkeleg ut av. Min bunke vart stort sett liggande i skåpet mitt inntil politiet fann dei ved romransaking seinare på året.

No kan det hende at eg hugsar feil, men eg hadde ei kjensle av at soldatorganiseringa var veldig sporadisk og lite seriøs. Eg kjende meg veldig frilslept. Eg hadde vore aktivist og kjøyrt hardt i åra som gjekk føre, på psykologistudiet. Militæret var for meg ein ganske all-right periode, litt fri. Eg kan ikkje ut frå personleg erfaring bekrefte mytane om at det var ein veldig seriøs militæroorganisering i ml-rørsla. Men eg veit jo at det var meir seriøst andre stadar enn i Bodø.

Etter militæret var du da med i AKP?

Nei, første året etter eg vart dimmitert, var det eit år der eg ikkje var med i noko form for lagsorganisering. Dette året fekk eg jobb som lærar i nabobygda

Brekke. Skulestyraren der hadde ringt meg og tilbydd meg jobb. Det var eg evig takksam for. Far min hadde dårleg hjarte og døde den vinteren. Eg hadde veldig behov for å vere heime og ta meg av foreldra mine då.

Eg kom ut av fengsel i juli '73. Først vart eg sendt heim på velferdspærm og så vart eg dimma. Eg har forresten berre godt å seie om Forsvaret i denne prosessen, dei opptådte ekstremt korrekt. Då var det visst mykje verre for dei som støtta meg aktivt rundt i leirane i løpet av saka. Dei vart atskilleg meir trakasserte med både refs og kakebu.

Sjølv om eg ikkje hadde aktiv partitilknytning, så sto eg på fjerdeplass på RV-lista ved stortingsvalet det året. Men det vart ikkje noko brakval, trass i at eg sto på lista. Vi fekk vel fire stemmer i Høyanger kommune, som eg sokna til, og det var ikkje all verda til gallionsfigureffekt.

Det einaste eg gjorde, utan å jobbe seriøst som lærar og ta meg av foreldra mine så godt det let seg gjere, var vel å vere ein dag på sommarleir på Herdla, utanfor Bergen. Og så hadde eg nokre turar der eg skulle «promotere saka» etter invitasjon frå Studentersamfunda rundt om. Det var vel i alle fall ein tur til Bergen, ein tur til Oslo, ein tur til Trondheim og ein tur inn til Sogndal.

Ein anna hending innanfor «gallionsfigur»-rolla var at eg året etter heldt appell på ein stor anti-NATO-demonstrasjon i København i samband med NATOs 25-års-jubileum i august 1974.

Trur nok at det var ein liten skuffelse for arrangørane, både mitt politiske nivå i forhold til det generelle nivået på dansk venstreside, og også at dei stort sett ikkje skjønna eit ord av det eg sa i appellen min. Danskar og sognedialekt går ikkje heilt i hop, sjølv om eg prøvde å normalisere så godt eg kunne.

Det virker som om du ikke trivdes helt i denne gallionsfigurrollen?

Eg var veldig nedfor sjølv medan eg venta på at saka skulle kome opp i retten. Eg trudde jo at det ville verte fem år. Eg las paragrafen: inntil til fem år, står det. Dei ville nok sikkert ta maksimum, trudde eg. Eg har høyrte det blir sagt om urøynde folk som kjem i fengsel eller til rettsvesenet, at dei ofte har fullstendig urealistiske forestillingar om strafferammer osv. Dei er ikkje i stand til å vurdere i det heile tatt kva straffenivå dei kan få.

Eg fekk jo berre to månader betinga til slutt. Så dei fem åra krympa nesten heilt bort.

Det var eit problem mest i forhold til familien, til foreldra mine. Eg visste eg skulle klare å sitte inne, sjølv om det skulle bli fem år, men eg kjende meg ikkje høg i hatten overfor familien, nei.

Var de veldig skuffa eller sinte eller var det mer at du trodde at de var det?

Nei, dei støtta meg. Om eg meinte Forsvaret hadde oppført seg gale, så var det rett av meg å gjere som eg gjorde. Men dei dyssa veldig ned at eg først hadde nekta. Det er vel typisk foreldre. Det var jo i mine, og i min familietradisjons augo moralsk forkasteleg dette, at eg ikkje tilsto med ein gong, når eg no meinte eg kunne stå for det eg hadde gjort. Det var nesten ei stjerne i boka, ifølgje far min sin ideologi. Seinare fekk eg høyre at jamvel bestefar min hadde sete inne eit døgn eller to, for stifting av eit skyttarlag rundt parlamentarismestrident i byrjinga av 1880-åra. Slik sett kunne handlinga mi gå inn som ei line i det å modig stå fram for det ein meiner er rett, utan omsyn til konsekvensane.

At det lå i Trædal-slekta?

Ja, ein del av «slektsimagen», så å seie. Då eg slapp ut av varetekt og kunne velje forsvarar sjølv, bad eg om høgsterettsadvokat Håkon Helle til forsvarar. Det var eit godt val. I tillegg til å vere ein glimrande jurist, kom han litt frå same familebakgrunn som eg. Han var opphavleg sunnfjording og advokat i Stavanger, ein veldig dyktig mann.

Var han også i rørsla?

Ja, han var nok i rørsla. Han kom heim til Trædalen og snakka med foreldra mine. Det var heilt fantastisk. Han snakka det same språket, om idealisme, at dette skulle dei ikkje vere flau av. Han hadde Venstre-bakgrunn i slekta, han også. Det gjorde veldig inntrykk på far min. Og det var spesielt han eg var opptatt av moralsk. Mor mi støtta meg jo uansett.

AVSLØRINGA

Du kom over disse papirene og viste dem fram i soldatlaget, eller hvordan var det?

Eg viste dei fram, det står i boka, det er sant også. Eg viste dei fram på brakka, og klaga over innhaldet, men utan å få den store politiske forståinga der.

Det var i jobben du kom over papirene, og så tenkte du hva i all verden er dette?

Heilt uforberedt var eg ikkje. Klassekampen hadde tidlegare offentleggjort slike øvingsmeldingar. Siste gong berre eit halvår tidlegare. Eg var litt obs på at det var ei svær sambandsøving, det var ein spesiell språkbruk i desse meldingane.

Den første meldinga var ein del av jobben. Og då byrja eg å leite etter same heading. Det var eit arkivsystem vi hadde der. Så fann eg den andre meldinga, som var lagt i arkivet. Dette arkivet sto ope og vi dreiv ofte og grov litt der, i mangel på andre ting å fylle stille vakter med.

Var det sånn at Forsvaret selv ikke anså dette som så veldig touchy? Du sa at det sto åpent, at det var ...

Det var jo 300 meter inne i fjellet, under grundig klarering, så det er klårt at generelt var det strenge tryggleiksrutinar. Men eg trur ikkje slike øvingsmeldingar vart sett på som spesielt touchy i forhold til sol-datane. Dei var vel rutinemessig laga i eit eller anna øvingshovudkvarter.

Når eg då fekk dei, så heldt eg dei skjult på sjølve vaktskiftet. Vi snakka ikkje mykje om dei der, for han skiftleiareren, han sersjanten, hadde tidlegare gjort klart at han ikkje hadde så mykje til overs for politiske diskusjonar. Og som sagt: Brakkekameratane mine brydde seg ikkje så mykje om slikt. Eg fekk ikkje så mange reaksjonar. Seinare, i politiforhøyret, nekta alle dei andre for at eg hadde vist fram meldingane. Dei gjorde det dei kunne, for å setje meg i eit mest mogeleg gunstig lys.

Du påsto at du ikke hadde vist dem fram?

Nei, eg sa at eg hadde vist dei fram, men dei frå brakka nekta for at eg hadde gjort det. Om spriket i forklaringane talte til min fordel, veit eg no ikkje. Men eg vart veldig rørt av at dei nekta for det. Eg har alltid tolka det sånn at dei heldt kjeft for ein kamerat. Men så viste eg dei fram i SUF-laget. Vi diskuterte om dei var graverande nok til å offentleggjere dei. Eg var i tvil. Dei handla berre om spreieing av nokre «Canto»-løpesedler. Og hva var Canto? Det var jo ikkje noko kjent begrep.

Var det et dekknavn for NATO?

Nei, motsatt. Det var «Campaign for Abolition of NATO». At det tydde det, visste eg ikkje før generalmajor

Tønne Huitfeldt, leiar for 6. divisjon i Harstad, forklarte hva CANTO stod for på eit debattmøte i Trondheim nesten eit år seinare. Eg hugsar at eg var imponert over at han gjorde det. Forsvarsleiinga kunne godt ha spelt på at CANTO var ei ikkje-eksisterande rørsle. Men han sa heilt ope kva det sto for. Og då vart jo CANTO identisk med den dåverande venstresideorganisasjonen «Kampanjen Norge ut av NATO». Dermed vart det jo òg hald i min påstand om at slagorda var dei same som det denne organisasjonen brukte.

Organisasjonsnavnet var bare oversatt til engelsk. Sa de at det var fiktivt? Var det Forsvarets holdning at det kunne vært hva som helst, at det bare var noen navn?

Nei, det var det dei kunne ha gjort, men som dei ikkje gjorde.

Var flere organisasjoner nevnt?

I dei meldingane eg offentleggjorde, var det berre den. Denne meldinga vart offentleggjort på vårparten. Så, trekvart år seinare, ved juletider, vart det trykt ein haug med meldingar frå same øving i Klassekampen. I desse meldingane var det namngitt streikande arbeidarar i Odda, Tyssedal og Høyanger. Situasjonsskildringa var mykje meir konkret og lett atkjennande, sett opp mot kvardagen i den norske venstrerørsla. Desse meldingane vart så i offentlegheita og i folks medvit slått saman med dei eg hadde offentleggjort, så i ettertid har jo folk trudd at det var eg som sto for alle dei meldingane. Det gjorde at opinionen fram mot rettssaka vart mykje meir pro meg. Då fekk eg jo fagrørsla med meg. Det var eit lykketreff frå mi side at meldingane frå desse øvingane var mykje verre enn dei eg hadde offentleggjort.

Var de nye meldingene autentiske eller var de juks?

Dei var nok autentiske. Forsvaret vedkjente seg dei aldri. Men kvar dei kom frå, veit heilt sikkert Finn Sjøe. Dei kom til Klassekampen på ein eller annan måte. Eg har aldri spurt om det, eller vore interessert i det i det heile tatt.

VIKLA MEG INN

Men de meldingene du sendte, du sa du ga det til en fyr? Eller var det han som sa: Dette må jeg ta med meg til Klassekampen? Så må vi se å få dem offentliggjort.

Ein i MLG-laget, Mons Muri, skulle til Oslo. Han sa at han kunne ta dei med seg, så kunne Klassekampen vurdere. I boka blanda eg ikkje inn han. Eg skreiv at eg sendte papira i konvolutt, men eg gjorde ikkje det. Det er vel det einaste usanne eg veit om i det eg skreiv i den boka. Det var på eit av møta i soldatlaget at eg tok fram meldingane. På neste møte sa han: Eg skal til Oslo, eg kan ta dei med.

Så såg eg at det vart slått stort opp i Klassekampen. Det hadde dei gjort med meldingar frå tidlegare øvingar. Det starta vel i 1970. Kva var det dei øvingane heitte? «Good Heart»? Kvar gong hadde forsvarsministrane rykt ut og beklaga dette her.

Good Heart var i 1971, ja.

Ja, det var då dei første meldingane kom. To gonger før eg offentleggjorde, var det sånne meldingar. Det vart jo medieoppslag. Det var det eg rekna med, at det kom til å verte noko liknande. Men eg trur at dei nok hadde bestemt seg for at dei ikkje kunne halde det gåande sånn. Så då det kom ein ny lekkasje, slo dei til. Ja, ja. Slo til og slo til, eg har ein mistanke om at det i byrjinga var rutineavhøyr, og at det var eg sjølv som vikla meg inn.

Men da hadde de jo ikke funnet ut hvor det kom fra. Så de kunne ikke føre noen sak. Det var det at de plutselig fant ut at det var deg, som gjorde at ...

Det var på grunn av min eigen feil. Eg tilsto jo at eg hadde hatt meldingane om hende og eg vikla meg inn i tull. Dei kunne ikkje ha funne det ut sjølve. Det var mange adressatar, meldingane vart sende til mange stasjonar. Eg veit ikkje kva tekniske moglegheiter dei hadde. I sakspapira såg det ut som at dei visste at dei kom frå Reitan i Bodø, der eg var.

Men sa du ikke at det var du ...

Eg vart tilfeldigvis kalla inn til politiavhøyr. Eg hadde ikkje tenkt i dei banene, at det skulle verte etterforskning på dette planet. Så eg rota meg bort i nokre sjølvmotseiingar. Eg kvitterte jo på slike meldingar når eg mottok dei på fjernskrivaren der oppe på Reitan. Det var to meldingar som vart publiserte i Klassekampen, ei på framsida og ei på baksida, meiner eg. Eg meiner å hugse at den meldinga som vart referert på framsida, den hadde eg kvittert ut. Den andre hadde eg leitt etter i arkivet og funne. Og på den sto ikkje signaturen min.

Den eg ikkje hadde kvittert på, hadde eg jo ingen legal grunn til å ha hatt hendene i, så eg nekta for at eg kjende til den. Problemet mitt var at eg ikkje hugsar kven eg hadde kvittert på, den på framsida eller den på baksida av Klassekampen. Så skjedde det klassiske: I forhørsretten tok eg feil av meldingane. Eg må òg nemne at eg stolte ikkje på den forsvarsadvokaten eg hadde fått oppnemnd. Han stakkaren vart sikkert grunnlaust av meg mistenkt for å stå på parti med aktoratet. Eg hadde difor ingen å diskutere saka mi med.

De visste at du var SUF-er?

Nei, dei visste ikkje det då eg var inne i Forsvaret. Eg var jo soldattillitsmann og utsend til Landskonferansen på Sola i 1975, der eg stemte saman med venstrefløy, ml-arar og SFU-arar. Eg diskuterte ikkje politikk så veldig ofte, og i alle fall ikkje så offiserane høyrde det.

Du tror ikke at overvåkningspolitiet hadde navnet ditt?

Nei, det er eg ganske overbevist om at dei ikkje hadde. Frode Mannsåker var jo der då eg kom. Men han vart ml-ar i militæret, trur eg. Eg kjende han ikkje frå før, hadde berre høyrte namnet. Vi visste vel om kvarandre og snakka sikkert politikk. Eg oppfatta at han var meir seriøs enn eg. Politiet la veldig vekt på det dei kalla «aksen Mannsåker-Trædal». Dei meinte at dette kunne vere ein konspirasjon. Han var på øvinga førre gongen det hadde vorte offentleggjort meldingar. Dei meinte at dersom dei såg oss to samla, så dekkja vi dei to siste øvingane. Viss SUF sentralt hadde gitt sine medlemmar direktiv om å passe på sånne øvingar, så kunne det passe godt at vi to avløyste kvarandre som vaktbikkjer der oppe. Men det stemte ikkje. Mannsåker vart seinare ein sentral person i støttekomiteen for saka mi.

Ledelsen i Oslo – var de involvert, var de begeistret, tok de kontakt med deg?

Eg var nedtrykt då eg kom ut av fengselet. Politiet sa nærast rett ut at dersom eg ikkje hadde tilstått, hadde eg sleppt unna hele greia. Men på den andre sida var eg glad eg hadde tilstått. Det hadde ikkje vore moro å leve med det, at eg i framtida måtte nekte for at eg hadde gjort det. Men eg var som sagt ikkje høg i hatten. Bror min fekk lov til å besøke meg – sjølv om eg sat med brev- og besøksforbod. Då han dukka opp, vart det jo litt kjensleladd. Det var då eg tilsto, og så slapp eg ut. Så

vart eg, med imponerende militær effektivitet, gjeven velferdspemisjon og sendt sørover med fly.

Finn Sjøe kom til Bergen, slik at vi møtte han på kaia då vi kom med flybussen for å nå båten heim til Sogn. Då var han berre opptatt av å backe meg og sa at her sto partiet bak, her skulle dei gjere alt for å støtte meg.

DOMMEN

Satt du fengsla i Bodø i to måneder?

Tre veker, brev- og besøksforbod. Så slapp eg ut, rett før varetektstida var ferdig.

Jeg leste at først ble du dømt, og så fikk du avvist anken. I boka står det at når denne boka skrives, så veit man ennå ikke resultatet av ankesaken.

Hvordan var det det foregikk?

Først vart eg dømt i Bodø, i ei stor rettssak i februar 74. Då jobba eg som sagt som lærar på Vestlandet. Det var jo demonstrasjonar og sånt over alt. Det var svære greier. Då vart eg dømt. Så heldt eg fram med å jobbe, men saka vart anka, av advokaten min, Håkon Helle på grunn av saksbehandlingsfeil. Eg forsto jo ikkje heilt desse juridiske spissfindighetene, men Lagmannsretten avviste anken. Men, truleg på grunn av alt medieoppstyret, så sleppte dei saka vidare til Høgsterett. Der kom den opp i juni 1974, og der vart dommen oppheva. Det vart slått opp som ei stor sak. Det vart også tolka som ei slags frifinning, men det var det jo ikkje. Dommen vart oppheva av formelle grunnar. Så hugsar eg ikkje heilt når den siste rettssaka var, men om lag eit halvt år etter kom saka oppatt i Bodø byrett, som kom fram til same dommen som opphavleg. Eg trur det var same dommarane også, dei satt og sov.

Dommerne satt og sov?

Ja, eg syntest det. Eg var så avslappa då, no når det ikkje lenger var snakk om år av livet mitt, at eg kunne tillate meg å observere slikt. No tok saka også til å verte meir brukt i partisamanheng. Eg var jo ein sånn breifrontrepresentant: «Soldaten som ikkje ville teie». Støttekomiteen var samansett også med SV-arar og andre.

Ble du bøtelagt?

Nei.

Når du fikk en såpass mild dom, var rørsla skuffa over det? Ville de helst at du skulle fått en mer sviende dom?

Nei, det var dei nok ikkje. Eg kan ikkje seie at eg personleg oppfatta noko form for kynisme. Tvert i mot opplevde eg menneskeleg omsorg. Eg hugsar eg prata med Tron Øgrim ein gong, og han meinte at det vart vel eitt års fengsel, og såpass fekk eg no halde ut. Nei, rørsla fekk nok ut av den saka som det var.

Man kunne tenke seg at myndighetene tenkte som så at: Vi vil gi ham minst mulig straff, ellers blir han en martyr.

Ja, det trur eg det kan vere mykje i. Aktor sa at det var ikkje behov for å dømme strengt her, det var behov for å markere ei haldning. Han prosederte på to månader betinga og fekk det.

Så de ville at du skulle dømmes, men de ville ikke dømme deg hardt?

Ja. Eg trur det var ein del av opinionen, særleg etter at dei siste meldingane vart offentleggjorde om Tysse-dal og Høyanger. Viss du ser den støttelista bak i boka, så er det svære delar av norsk fagrørsle.

Ja, masse. Det står litt råflott at det er 600 000 mennesker som støtter deg. Hvert enkelt medlem av fagforeningene, liksom.

Ja, det er litt råflott, men det var ei sak som engasjerte mange, det trur eg ikkje vi skal stikke under ein stol.

PLUTSELIG MANN

Husker du noe om hvordan pressen for øvrig anså Trædal-saken? Det er klart at for Klassekampen var det en kjempesak, men var det stort i andre medier også?

Første gong eg forsto at det var ei stor sak, var då det var første innslag i Dagsnytt kl. 10 om føremiddagen, medan eg satt på cella. Dei sa at det var fengsla ein mann i Bodø. Eg fekk ein litt spesiell reaksjon på at eg vart omtala som mann. Eg hadde alltid trudd eg var ein ungdom, eller ein student, eller ein soldat, men plutselig var det no snakk om ein *mann*, intet mindre. Førsteoppslag. Då var eg ikkje i tvil om at det vart minimum fem år. Eg vart veldig stressa etter det.

Det tok nesten 14 dagar før media slo opp saka. Klassekampen hadde slått opp tidlegare at tillitsmannen Narve Trædal var forsvunnen i Bodø, men Forsvaret nekta for at eg sat inne. Det vart såleis ei sak at dei

hadde fengsla ein soldat hemmeleg. Og så vart det etter kvart kjent kven det var.

Militæret nekta for at de hadde tatt deg?

Ja, dei nekta. Idiotti. Klassekampen hadde ringt til fengselet, og der hadde dei stadfesta at eg satt inne, men sjølv forsvarsleiinga inne på Reitan nekta jo at det var ei sak.

Det var oppslag i dagspressa kvar gong det skjedde noko i denne saka. Då Høgsterett oppheva dommen om sommaren, hugsar eg at eg satt på eit eller anna kjøken på Sogn. Eg budde vel der på ein lånt hybel. Då var opphevinga av dommen første sak på ettermiddagsnytt på tv. Eg hugsar eg satt saman med andre hybelbuarar, som ikkje kjende meg, og såg på oppslaget om meg sjølv. Det var litt spesielt. Det var jo stor mediasak. Dagbladet var rekna som positive, trur eg. Aftenposten skreiv vel ikkje så mykje om det. Eg fekk forresten mappa mi no. Det var 600 sider, alle presseklipp frå denne saka. Og eg hadde jo ikkje tatt vare på noko. Men no har eg alt.

600 sider med presseklipp?

Ja, veldig lite substansielle rapportar og vurderingar. Saksdokument og presseklipp rundt Trædal-saka. Eg kan ta kopiar av det, men det er vel ikkje sånt de driv og samlar materiale frå? Det er veldig usystematisk, dei har berre hivd det i ein haug.

GALLIONSFIGUR

Jeg lurer litt mer på dette med Trædal som gallionsfigur. Hvor viktig var det for bevegelsen? Det var mye diskusjon rundt dette med militærtjeneste, med soldater kontra militærnektene. Ml-ere skulle gjøre «politisk militærtjeneste». Du personifiserte ml-soldaten, på en måte.

Det var mange nyttige eigenskapar ved meg. Dialekten, å vere ein bonde frå Vestlandet – alle dei greiene der gjorde nok at eg vart viktig. Eg vil jo òg i all beskjedenheit nemne at eg har visse retoriske talent, så eg var ikkje ute av stand til å propagandere for eiga sak – og for venstresida.

Saka starta i breifronttida, i 1973. RV-valkampen i '73 var breifront. Men så skjedde det jo ei dreining i AKP medan saka pågjekk i 1974 som kuliminerte med kampen mot høgrevviket i 1975. Då vart denne saka her putta inn også i den samanheng. Du kan sjå det i boka,

at supermaktssomgrepet kjem mykje tyngre fram der. Det var veldig viktig å ta avstand frå Sovjet, og ikkje berre NATO.

Eg syntest det var allright å få fram det. SUF var aldri for Sovjet, så før den tida var det òg litt viktig å få fram at det også var ein nasjonal forsvarsmotivasjon rundt det å gå inn i det militære. Men eg trur nok du kan finne trekk av det gryande oppgjeret med breifrontstrategien i boka.

Det står i boka di at den er skrevet av støttekomiteen i samarbeid med deg. Men hvem skreiv hva, var det stort sett du?

Nei, eg har ikkje skrive mykje. Eg har skrive forordet og etterordet og eit par kapittel. Terje Kolbotn, han som no er Samorg-leiar i Odda, skreiv mykje. Lars Borgersrud satt i støttekomiteen, og han er jo historisk interessert, så han har nok skrive dei bitane. Eg er ikkje sikker på om Håkon Lund var i støttekomiteen, men han skreiv heile kapitlet om rettssaka. Han var med der oppe for å skrive referat frå saka på vegne av støttekomiteen.

Så du hadde ikke så mye med den boka her å gjøre?

Nei, sant å seie har eg aldri lese henne, i alle fall ikkje frå perm til perm. Det er flaut å seie, men eg har ikkje det. Eg trur òg det gjeld for dei aller fleste eg har snakka med. Nokon kioskveltar, eller kva det heiter, vart den aldri. Eg har lese store delar av henne. Det er jo ein veldig grundig gjennomgang av historiske hendingar her: konfliktane i skogindustrien ...

Støttekomiteen – var det for å samle inn penger til advokat?

Det var nok for opinionsdanning. Det kosta mykje å produsere materiale. Plakatar, flygeblad, ja, til og med støttefrimerke vart produsert. Det var jo òg ein del reising, sikkert, for boka. Håkon Lund reiste jo til Bodø, og han må jo ha fått pengar til billettane.

Var det sånn at folk kom: Oi, er du Narve Trædal?

Jada, til dei grader. Det er framleis litt slik, sjølv om folk no trur namnet har samanheng med militærnektning.

I kontakt med jenter, for eksempel?

Nei, eg klarte aldri å sjekke nokon på grunn av det. Det gjorde eg ikkje, det trur eg ikkje. Nei. Til det var eg for plaga av min medfødde sjenanse. Ærleg tala så vil eg gjerne ha fram at eg ikkje likte den personlege kjen-

Stans prosessen mot Narve Trædal

● Dei telexmeldingane vi har prenta på side 2, kjem alle frå ulike Nato-øvingar i tida 1971–73. Meldingane er tidlegare gjort kjende i fleire aviser.

● Telegramma syner klart at forsvarret over seg på å slå til mot dei katlar «ekstremistisk undergraving». Det er streikande arbeidrar, studantar og lovlege politiske grupperingar som i telegramma reknast for å vera «undergravarar».

● I sommer blei soldat og hovudtillitsmann Narve Trædal arrestert mistenkt for å ha gjort kjent to meldingar frå øvinga «Firm Sand». Etter 3 uker i fengsel, med forbod mot vitjing og brev, vedgjekk han å ha sendt frå seg meldingane, men sa seg ikkje straffeskuldig. Trædal blei samtidig sett fri.

● I februar vil Trædal bli stilt for retten, tiltalt etter § 77.1 (brot på lenestepikt) og § 69 (brot på plikt om teiing). § 69 gjev frå 1–5 år i fengsel, § 77 gjev inntil 6 månader.

● Etter «Good Heart»-øvinga har det kome fleire instruksar frå forsvarsleiinga som alle peiker på at namn på politiske grupperingar, verksemdar osv. ikkje skal nyttast i øvingemeldingar. Meldingane (særleg frå Wintex-73) tyder ikkje på at instruksane er fulgte.



Vi har spurt Narve kvifor han gjekk til pressa med meldingane:

MELDINGANE VAR SO GROVE AT DEI MATTE UT!

Dei stemplar anti-Nato propaganda som undergraving og koplar dette saman med landsvikarverksemd.

Det kan vere bevisst politikk frå grupper innan forsvarret som vil bryte ned respekten for visse politiske syn. Nato-motstandarar blir sett på som ikkje truverdige.

Det kan og vere so at dei som sender slike meldingar førebur å nytta våpen mot politiske meiningar.

Dette har lukkast godt i andre Nato-land, t.d. Hellas.

– Kva syn har du på rettsaka?

RETTEEN MÅ TA STILLING TIL INNHALDET I MELDINGANE!

Dersom eg blir dømt, så blir det slege fast at soldater ikkje har lov til å reagere på ting dei er overtydde er rett å seie i frå om. Blir eg frikjend, så har retten sagt frå at teioplakta ikkje skal vera eit fengsel for soldatane og ein garanti for at forsvarsleiinga kan gjera kva dei vil utan at nokon kan mukke.

MÅ SYNE KVA VI MEINER OM ØVINGANE!

Eg meinte at eg måtte reagere på mel-

dingane, reagere på ein slik måte at eg var viss på at folkemeininga greip inn og sette stoppar for ein sovoren øvingspolitikk. Reaksjonane hjå folk tyder på at eg i min situasjon gjorde det einaste rette. Det er no viktig å seie klart frå kva vi meiner om øvingane. Dei rettar seg særleg mot den politiske aktiviteten på grasrota her i landet, dvs. masse møter, demonstrasjonar. No når rettsaka står for døra må vi med slike aksjonar som blir omtala i øvingstelegramma syne vårt standpunkt.

Dette er ei sak som ikkje berre gjeld meg personleg, men alle som vert omtala i øvingane, seier Narve til slutt.

Rettsaka 21. februar i Bodø byrett:
Møt den med aksjoner og demonstrasjoner!

Fagforening krever rettssak mot de ansvarlige for Wintex-73. Se side 3.

Sju «farlege» telegram

«Good Heart»:

(januar/februar 1971)

nato confidential e-150

exercise good heart

1 intet å melde

2 int (c1). s u l og f n l grupper agiterte for streik flere steder særlig i trondhjem og namsos. for øyeblikket uto i havneomr. og sitdownstreiker ved bedrifter i trondhjem, særlig utsatt er trondhjem mek verksted, marienborg jv-verksted marienborg, nth, niht. agitasjon muligens årsak til svakt oppmøte ved hngr i/r 12. havsn 124 melder sjikane, ukvemsord, sneballkasting mot hv-posten. n s b melder svikt i oppmøte blant togpersonalet.

3 politiet i ålesund har arrestert en del personer mistenkt for sabotasje. uvanlig interesse for depoter i ålesund. i molde mislykket forsøk på sprengning av ferjeleie. mange arrestasjoner. exercise exercise exercise

«Strong Express»:

(september 1972)

1

nato hemmelig

øvelse strong express

undergraving:

en anti-nato demonstrasjon ble arrangert i går kveld i bodø. om-trent 100 personer deltok – de fleste av dem var studenter, demonstrasjonen var ikke tillatt og 2 ble arrestert av politiet.

2

nato konfidensielt f-5

øvelse strong express

sep 72

representant fra komnon var ved skånland kirke som avtalt i ref a. ingen representanter fra ctf ble observert. komnon sikkerhets-avd. er fortsatt interessert i å opprette kontakt og de bes om å antyde sted og tid via telefon distaff ext 563.

angående sivile aktiviteter kan følgende rapporteres. spionasje-trusel eksisterer og uønskede personer er observert i øvelsesom-rådet.

undergraving er enda ikke observert unntatt i mindre grupper opp til syv personer som bærer anti-nato slagord. intet tilfelle av sabotasje er blitt rapportert og truselen er vurdert til å være usannsynlig. og det er absolutt ingen indikasjoner på at terrorist-grupper opererer innenfor nordre norge, fysisk sikkerhet for svært viktige personer skulle være tilfredsstillende med normalt vakthold. om spesiell trusel skulle forutsees så vil det bli varslet umiddelbart.

(komnon: øverstkommanderende for Nord-Norge

tlf 563: tlf til forsvarskommando Nord-Norge, FKN, trolig til sikkerhetsstaben.)

3

hemmelig s-15-72

økn ser ikke bort fra at det før og under øvelse strong express som demonstrasjoner fra uansvarlige norske eller utenlandske personer kan bli foretatt aksjoner for å skade norsk eller alliert materiell og installasjoner. økn går derfor ut fra at sjefene for alle stasjoner, enheter og staber skjerper vakthold og kontroll med de midler som er til rådighet.

(økn: norsk betegnelse for komnon, se ovfr.)

«Firm Sand»:

(mars 1973)

1

begrenset 0-1

exercise firm sand

e-oversikt for perioden 070600z-080600z:

ekstremister aktive med anti-nato propaganda i odda og tyssedal. studenter i bergen synes å planlegge demonstrasjoner. orange handelsskip forlot odda 071400z og høyanger 071500z. lastingen ikke avsluttet før avreise.

forebyggende tiltak mot sabotasje av viktige militære anlegg iverksatt

sabotasje mot kaianlegg i florø.

exercise exercise exercise

2

nato confidential

øv «firm sand» / nato hemmelig

undergraving:

massemøter og demonstrasjoner ved ekstremister i larvik, bodø og tromsø. canto løpesedler delt ut i oslo, intens landsomfattende propagandakampanje til støtte for canto virksomhet. soldater inviteres til å støtte canto.

prioritert

øvelse øvelse øvelse

bt

(canto: iflg. statsråd Fostervoll står bokstavene for «Campaign for abolition of NATO», dvs. «Kampanje for avskaffelse av NATO».)

3

nato hemmelig

øv «firm sand»

spionasje:

1. uidentifisert radiosamband rapportert

2. sabotasjeliknende aksjoner mot militære installasjoner og forskjellige sivile bedrifter og kommunikasjonsmidler. undergraving;

3. canto løpeseddelkampanje satt i gang over hele landet. slag-ord:

norge ut av nato

nato ut av norge

4. godt organiserte og rolige demonstrasjoner ved ekstremist-grupper utenfor stortinget, den amerikanske ambassaden og nato's hovedkvarter.

øyeblikkelig tilbaketrekking fra nato krevet.

rutine

øvelse øvelse øvelse

(canto: se ovfr.)

(Narve Trædal offentliggjorde

melding nr. 2 og 3.)

fra «Firm Sand»

Kommentar

Telegram 2 og 3 fra «Strong Express» er IKKE øvelsetelegrammer fra tenkte situasjoner, men beskriver faktiske forhold. Nato-motstandere blir av forsvarsledelsen definert som undergraver. Da blir heller ikke øvelsetelegrammene så «tenkte» som forsvarsledelsen vil ha dem til å være. Dette er ennå ikke kommentert av forsvarsdepartementet.

dissida av saka Eg vart intervjuet i ei bok av han Skjønberg, der har eg sagt ein del. Eg likte ikkje den rolla der, eg kjende at det gjekk eit år av livet mitt før eg kom ned på jorda att og fann meg sjølv att. No i ettertid syns eg jo det er artigare når eg blir minna om hendingane, men den tida hadde eg heile tida ei vond kjensle av at dette ikkje var meg. At eg vart dratt litt med i ting som eg ikkje alltid hadde heilt styring over.

Vil du si at de misbrukte deg?

Nei. På ingen måte. Ein gong var det vel at eg var usamd med eit oppslag i Klassekampen. Men nei, ikkje elles. Då far min døde, kom det blomster frå støttekomiteen, dei var flinke på det menneskelege planet også.

Du vil si at de utnyttet saken maksimalt, men uten å misbruke deg?

I den grad det var noko misbruk, så var vel det å køyre meg fram som formann i Studentersamfundet. Eg sat på lærarromet heime i Brekke då eg fekk ein telefon med ein veldig høfleg førespurnad frå Kjersti Ericsson, som på den tida var vit.ass. på Psykologisk institutt, trur eg. Kjersti la jo vekt på at ho visste kva eg hadde gjort i den store aksjonen på psykologistudiet to år tidlegare. Eg må jo innrømme at eg vart smigra over å bli spurdt.

Du nevnte i stad ordet gallionsfigur. Du ble vel et slags ikon i bevegelsen?

Ja, eg kjende eg at det var mykje som gallionsfigur. Men eg visste at eg jo hadde gjort ein god jobb i studentpolitikken tidlegare, så eg var jo ikkje heilt blank.

Men det var praktiske problem. Eg måtte reise to gonger til Oslo og ordne to klipp i Studentersamfundet for å få stemme. Det var jo så mykje styr, med lange bussturar og flyreiser, berre for å få to hol i medlems-kortet.

De ønsket at du skulle stille som formann i Studentersamfundet, for de regnet med at du ville trekke stemmer?

Det var mot SV, SF-stud, eller kva det no heitte på den tida. På generalforsamlinga i Studentersamfundet våren 1974 vart SF-stud, eller kva motkandidatstyret då heitte, av Rød Front skulda for å bruke sosialismen som ei gulrot for å lure arbeidarklassen. Til det svarte Steinar Tjomsland, frå SF-stud, at viss dei brukte sosialismen som gulrot, så ville han frå si side hevde at Rød Front brukte Narve Trædal ikkje berre som gulrot, men

som ein heil kjøkkenhage! Og det var vel noko sant i det. Men det fungerte no det også. Eg kunne jo og ha sagt nei. Det var no heller ikkje heilt greitt for meg å stille som kandidat mot eit styrealternativ som vart støtta av framstående medlemmer av støttekomiteen som Ivar Johansen og Gunnvald Grønvik. Eg hadde litt blanda kjensler for å gjere det.

Ja, for du var vel egentlig ikke student på den tida?

Nei, eg skulle byrje att på psykologi på hausten, så eg var for så vidt inne som student. Men eg var ikkje student den våren. Det var eg ikkje. Men det vart ikkje tatt opp. Formalitetane var vel i orden. Mi innvending var vel då som no meir den at dei hadde jo meir profilererte politikarar å sette inn som leiarar i Studentersamfundet enn meg, der eg sat borte på Vestlandet.

Når man stiller til valg i Studentersamfunnet har man et program, et styre. Var det ferdiglagd til deg? Så du bare måtte si yes, dette gjør jeg?

Det er litt rett det du seier der. I alle fall våren '74. Eg kjende ikkje at eg var framandgjort. Eg kom nok i stor grad til eit ferdig opplegg. Men heilt blank var eg no ikkje. Eg hadde jo god kontakt med den gjengen som eg kjende frå Psykologisk institutt. Desse psykologi-ml-arane var ganske langt framme i studentpolitikken generelt i Oslo, så eg var nokolunde oppdatert.

Var det vanskelig å kjempe mot de konservative?

De som drev «Fei dem ut»-kampanjen?

Etter valkampen våren 1974 trudde vi det skulle bli eit roleg semester. Eg kom tilbake til Oslo etter skule-slutt, og vi sat og sysla med programmet for hausten. Ein god del var alt ferdig, utan mi hjelp, men eg skreiv òg ein del sjølv, så eg var på ingen måte berre ein marionett.

Men så reiste vi på sommarleir og ante fred og ingen fare. Og vart ikkje lite forskrekka då vi kom tilbake og oppdaga heile Karl Johan tapetsert med bilete plakatar av den konservative formannskandidaten, Lars Groth og «Fei dem ut»-kampanja. Då skulle den konservative studentforeninga ta sitt endelege oppgjær. Dermed var løpet lagt. Det vart ei heksegryte, heile den hausten der.

Da begynte «Fei dem ut»-kampanjen?

Ja, heile hausten sto til dei grader i valkampens teikn. Eg meiner å hugse at valet i DNS var Oslo AKPs hovudoppgåve siste del av hausten. Det var stor opp-

standelse og massiv mobilisering. Heilt vilt. Eg hugsar at kvelden før generalforsamlinga, i eit aktualitetsmagasin som NRK då laga, så vart ei ung jente på gata i Hammerfest spurt om kva ho syntes var det viktigaste i verda. Ho var ikkje i tvil: Jau, at Rød Front vann i Studentersamfundet i Oslo. Og dei raude vann, Leif Gusland vart formann.

Det var det neste styret, etter deg?

Ja. Dei var plukka ut, det var dei som var mest politisk skolerte, og det var dei som hadde hovudinnlegga i dei politiske debattane. Men for oss i styret vart det ein valdsam administrasjonsjobb. Alle møte var smekfulle. Eg meiner det var nær fem og eit halvt tusen med stemmerett på generalforsamlinga. Systemet vart tøygt til det yttarste. Generalforsamlinga måtte overførast på radiolinje til Frederikke fordi det ikkje var plass til alle i Chateau Neuf. Eg prøvde å få leige storsalen i Rådhuset til generalforsamlinga, men dei trakk seg då eg opplyste om at det kunne bli ein del glasknusing. Skinnausjonslokalet på Økern var og inne i biletet, i mangel på andre store lokale i Oslo. Men det enda opp med den delte løysinga: Chateau Neuf – Frederikke.

Ein spesiell ting som òg skjedde den hausten, var at nynazistane, Blücher, Hadland og Alfred Olsen tok til å vanke i Studentersamfundet saman med ein del tilhengarar. Vi nekta dei å sleppe til på talarstolen. Men dei spreidde mykje uhygge, og stilte store krav til sikkerheitsopplegget på møta.

Eg gjorde jo feil og amatøristiske greier, men eg kjenner sjølv, når eg ser tilbake på det, at eg faktisk var leiar, ikkje berre i namnet. Det var ikkje sånn at eg berre var ein gallionsfigur, sjølv om eg hadde ein tendens til å innbille meg det sjølv. Eg trudde at folk stort sett såg på meg som ein slik figur, men eg fekk vel etter kvart bekrefta at eg også hadde ei eigentyngde.

Det var kanskje ikke så ille?

Men tabbar vart gjort, bevare meg vel. Det er nesten flaut å snakke om. Eg hadde eit utspel, det er så typisk. Det var lange køar for å kome inn i Studentersamfundet, vi hadde så lite billettseljarar. Vi mobiliserte som vanleg, men det vart litt vanskeleg å kome inn. Og desse konservative meinte at vi prøvde å trakassere deira medlemmar fordi dei måtte stå i kø og fryse i to timar for å kome inn i salen.

Då var det eg sa at dersom desse reaksjonære, dei som kom frå Vestkanten, ikkje orka å stå i kø for det dei trudde på, kunne dei dra heim og hente ei silkepute å sitte på. Så viste det seg at det var slett ikkje berre dei, men også gravide ml-jenter som sto der og fraus. Og dessutan var det vår plikt å syte for skikkelege forhold for alle, uansett partitilhøyrighet. Eg fekk forferdeleg kjæft av formannen i NKS, Bernt Holtsmark, for det. Og dei konservative brukte det jo for alt det var verdt.

Du sa det fra talerstolen?

Jada. Det var mykje lavpanna som kom frå den talarstolen. Dette var eitt av mine bidrag. På generalforsamlinga fekk eg ei innerama silkepute av dei konservative. Eg trur silkeputa heng på veggen på styrekontoret i Studentersamfundet enno.

Eg måtte skrive ei veggavis med sjølvkritikk om dette her også. Vi ville jo ikkje ha det på oss at vi skulle hindre folk i å ha demokratisk stemmerett.

Du måtte skrive sjølvkritikk.

Jada, på vegne av styret.

Trakk dere fulle hus på møtene mens du var formann?

Ja, til de grader. Det var jo valkamp heile tida. Folk skulle ha to klipp, så vi kunne hatt kva som helst som tema. Kulturutvalet, som seinare vart til Tramteateret, laga revyen «Svin blir svin», om dei konservative si historie i Studentersamfundet, der det mellom anna vart slått stort opp at dei hadde lefla med brune krefter i 30-åra. Revyen var dyktig laga, den, men eg har framleis dårleg samvit for at folk som ville stemme konservativt vart tvinga til å oververe denne sjikanen over si historie, for å få sine klipp og dermed stemmerett.

Og mobiliseringa frå vår side var profesjonell. Det vart sett opp bussar med Raud Front-tilhengarar frå heile austlandsområdet: Bø, Halden, Lillehammer osv. Raud Front sin valkampansvarlege, Morten Brinchmann, bomma vel med under hundre stemmer då han anslo det stemmetalet vi kom til å få – eg meiner det var cirka 3400.

Fortsatte du å gå i Studentersamfundet etter at du slutta som formann?

Nei, då klarte eg nesten ikkje å sette føtene mine på Chateau Neuf. Eg syntest det var så spesielt miljø der.

Det knytter du til personlige forhold?

Ja, eg gjer nok det. Pluss at eg var «fed up» av å leve på tuppa, på taktisk valkamp heile semesteret. Avsmak av at ein aldri kunne konsentrere seg om innhald. Berre taktikk.

Hva mener du med taktikk?

Korleis kan du sikre mest stemmer, korleis skal du få motsetningane fram. Det å høyre på ei innleiing for å få kunnskap, det gjorde du aldri. Det var ikkje det som var poenget. Det vart uråd å promotere revolusjonen positivt.

★ ★ ★

Narve Trædal ble intervjuet av Jon Rognlien og Nik Brandal i Oslo, 13. februar 2007.